


Pors (*Myrica gale*)

Pors – vår første ”luftrensar”

	<p style="text-align: center;">TIDLEGARE BRUK</p> <p>Mange stadnamn vitnar om at porsen har vore vel kjent og brukt sidan sagatida, t.d. Porsmyr, Porsgrunn. Den var så populær at folk måtte ha løyve frå grunneigar til å plukka den.</p> <p>Pors har vore brukt til brygging av øl i staden for humle: <i>Folk gjekk frå vitet og vart dårlege når dei drakk det ølet!</i></p> <p>Porsen vart nytta i sengehalmen for å fordriva lopper, lus og midd. Den vart og brukt til godlukt på utedoen.</p> <p>I mellomalderen vart porsen brukt til giktbad, fosterfordriving, øyreverk og skabb.</p>	<p style="text-align: center;">FAKTA</p> <p>Pors inneheld ei mengd giftige stoff, som blant anna er abortframkallande.</p> <p>Det er små harpikskjertlar som gir den sterke aromatiske lukta. Desse vil gje hovudverk og andre plager dersom ein et dei.</p> <p>Pors er fin å bruka til farging av alunbehandla ull. Det gir kraftig gul farge og vert mykje brukt som underfarge til blått og raudt.</p>
<p>1. Øvre delar av planta. 2: Blømande hann.aks. 3: Ho-aks. 4: Hann blomar. 5: Ho blomar. 6: Frukt.</p>	<p style="text-align: center;"><i>Kan du finna pors her? Kjenn på lukta!</i></p>	